Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal engkultur

Oppskr. av: Asborg Langemyr

(adresse): Herefoss

Fylke: Aust-Agder

Herad: Herefoss.

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Olav A. Gauslå, bonde 69 år

SVAR

I gamal tid heitte det ekrer
eller åker der det var dyrka
mark. Att lege er nyare namn
frå den tida dei byrja å leggja
att -åkrar.
Tjukkeng blei det då der som det
var setefrukk og i åkerreinene.
Elles var det mykje skrapeng.
Når folk var ferdig med å slå
den dyrka marka, byrja dei å
slå i utgjordet. Det var den u-
dyrka marka næraste den dyrka.
Sidan var det å slå på heia.
Både utgjordeslått og heieslått
fekst det ikkje så lite av den
dag i dag. Det har ikkje vore
bruka skuttorv her, det har berre
vore langorvslåtten.
Vallhöy er eit sams namne på
alt höy i den dyrka marka,
skoghöy på alt höy frå udyrka
mark. Dessutan var det finnohöy
– finnvollar og finnekrer.
Det er dårleg för.

2753

I sinnan tid har ein då fått
vann som timotei- og klöveng.
Eit fast vårarbeid var rydding.
Så snart korn og poteto var i
jorda var det til med dette.
Ein raka saman x daudlauv
og rusk og grein i stor hauga.
I utgjordet og på lia vart
desse dungane liggjande til
dei rotna av seg sjölv. Men i
heimegjordet brukte ein brenna dei.
Det var svært gildt å brenne desse
dungane eller kasene. Rishauga
og kase er namne som har vore
bruka. Oska tok dei gamle vel
vare på. Saman med sot vart
ho nytta til å gjödsle dårleg eng.
Mange brente og gjödde for å få
det gjödsla. Steinen vart oftast
liggjande både dei store og små
steinane. Når dei hadde brent
gjordet sådde dei bygg.
Graset kom helst av seg sjölv.
Det hende dei tok litt höyrusk i
löa og sådde utover. Det först
kom det mykje ugras, men det
var bra. Det var för det og. Det
tok 3 år for å få ei god ekre.
Myra låg brakk. Dei rekna ikkje
med at ho kunne dyrkast.
- Overgjödsling på eng har vore
bruka i frå gamal tid. - Saue-
tallen vart mykje bruka til
dette. Det vart bruka 9-10 lass på

2753

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

måtet. - Så vart utlusa sett i
it bakkehall så di kunne få
lang sitetrekk. Så grov di grøfte
og bidde sitetrekken ut over.
Tunsigit nytte di på same
måten.
Til å få ut husdyrgjødsla bruka
di kjerre eller mokslede - eit
trau med to meier under. Di
er i bruk den dag i dag der
bakkane er bratte. Di er lette å
velta. Så vart gjødsla spreidd
utyver med heimesmidde griper.
Etter på slo di med ei rive eller
køyrde ei risle - di la bjørker
på sleden og køyrde att og fram.
Gjødslinga skulle gjerast om
våren. Og det vart bruka pri-
mitive reiskapar heilt til 1895.
O. A. Sandslå har sett harvar
med tretindar, men ikkje tre-
plogar i bruk.
Om våren når høyet minka
i løa måtte husdyra ut og beite
på enga. Di rekna det til skade
for enga, men noko måtte dyra ha.
- Når hausten kom vart dyra
fjørt i „fôra". Då sman beitte di.
Å la „kyrne gå i fôra" blir bruka
den dag i dag. Men å la di beite
om våren i enga er det heilt slutt
med. - Til å jamna utover gjødsla
W etter di, blir bruka ei jemnine.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2753

Gjödsla vart kvatta utyver.
På nokre gardar har dei sumar-fjös. Det er helst for å la kyrne sleppa å gå så langt - eller for å sleppa å köyra gjödsla så lange vegar. I sumarfjöset laga dei piggar på dörne - eikepiggar som var kvasse så björnen ikkje skulle slå dei i stykker. Sumar brukte dei fjösbrot.
Sæterdrift har det ikkje vore på lange tider. Men det er fleire namn med stöl i som seier oss at det har vore slike i gamal tid, t.d. Ringestöl, Rettestöl og Kyrestöl.

2753

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING